



Møtebok
Fjordvegen Rute 13
Telefonstyremøte 13.03.2019
Klokka 10.30 – 11.30

Møtte: Gerd Helen Bø, Sigbjørn Hauge, Edmund H. Utne,
Irene Heng Lauvsnes, Morten Midlang, Arnstein Menes

Forfall: Roald Aga Haug, Marthe Hammer, Arne Bergsvåg,

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø og Trude L. Rinaldo

Agenda

13.03.19: Kl. 10.30 – 11.30 Sakshandsaming

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Sak 09/19 Årsmøtesaker, førebuing

- Årsmelding 2018
- Rekneskap 2018 / Revisormelding 2018
- Handlingsplan 2020 – 2022
- Langtidsbudsjett 2020 – 2022

Møtet drøfta årsmøtesakene og gjorde slik innstilling til årsmøtet:

Saksutgreiing frå dagleg leiar og framlegg til vedtak frå styret.

Vedlegg:

1. Årsmelding 2018
2. Rekneskap 2018
3. Revisormelding 2018 (vert evt. ettersendt)
4. Strategi- og Handlingsplan 2020-2022
5. Langtidsbudsjett 2020-2022
6. Gjeldande vedtekter godkjende 06.06.2013
7. Forslag til nye vedtekter frå 2020 (endringar i raudt)

Sakliste:

Årsmøtesak 01/19 Godkjenning av innkalling og sakliste
Årsmøtesak 02/19 Val av møteleiar og 2 utsendingar til å skriva under protokollen
Årsmøtesak 03/19 Årsmelding med revidert rekneskap for 2018
Årsmøtesak 04/19 Fastsetjing av kontingent 2020
Årsmøtesak 05/19 Endring i vedtekter for IS Fjordvegen Rute 13
Årsmøtesak 06/19 Handlingsplan og Langtidsbudsjett for 2020-2022
Årsmøtesak 07/19 Val av styremedlemmer for 2 år 2019-21

Val av leiar og nestleiar
Val av valnemnd
Årsmøtesak 08/19 Innkomne saker

Årsmøtesak 01/19 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling skal skje med minst 2 vekers varsel. Innkalling med saksliste til møte med saksutgreiing og vedlegg er sendt 15.03.2019. Saklista er i tråd med § 5 i gjeldande vedtekter. Styret sine tilrådingar er gjort i styremøte 13.03.2019.

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Årsmøtesak 02/19 Val av møteleiar og 2 utsendingar til å skriva under protokollen
Framlegg på årsmøtet.

Vedtak:

Møteleiar:

Utsendingar til å skriva under protokollen:

Årsmøtesak 03/19 Årsmelding 2018 med revidert rekneskap for 2018

Styregodkjent Årsmelding og Rekneskap med Revisormelding for 2018 er vedlagt elektronisk. Budsjettet 2019 for Fjordvegen Rute 13 er delegert til styret.

Framlegg til vedtak:

1. Styret sitt framlegg til Årsmelding for Fjordvegen Rute 13 for 2018 vert godkjent slik den ligg føre.
2. Styret sitt framlegg til Rekneskap for Fjordvegen Rute 13 for 2018 vert godkjent slik det føre. Underskot kr 39.898 vert dekkja av eigenkapitalen.

Årsmøtesak 04/19 Fastsetjing av kontingent 2020

Forslag til nye kontingentsatsar tek hensyn til at vi frå 2020 vil ha berre to fylkeskommunar som medlem og at ulikheit i strekning på Rv/Fv13, vegprosjekt og folketal tilseier at det er naturleg at kontingentsatsen for dei to fylkeskommunane vert ulik.

Framlegg til vedtak:

Kontingent 2020 for Fjordvegen Rute 13

Medlemskategori 1: Kommunar	kr 35.000
Medlemskategori 2: Næringssekskap/Interesseselskap over 50 medlemmer	kr 5.000
Medlemskategori 3: Næringssekskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer	kr 2.500
Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette	kr 5.000
Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette	kr 2.500
Medlemskategori 6: Bedrifter/Andre med inntil 5 tilsette	kr 1.000
Medlemskategori 7: Vestland fylkeskommune	kr 180.000
Medlemskategori 8: Rogaland fylkeskommune	kr 100.000

Årsmøtesak 05/19 Endring i vedtekter for IS Fjordvegen Rute 13

Den vedtektne regionreforma medfører at IS Fjordvegen Rute 13 frå 2020 vil ha 2 fylkeskommunar som medlem og ikkje 3 fylkeskommunar slik det er idag. Dette krev justering av vedtektene for selskapet.

Framlegg til vedtak:

Framlagd utkast til nye vedtekter vert vedtekne som IS Fjordvegen Rute 13 sine vedtekter frå 2020.

Årsmøtesak 06/19 Handlingsplan og Langtidsbudsjett for 2020-2022

I tråd med Vedtekter § 5 skal Årsmøtet vedta treårig handlingsplan og langtidsbudsjett med rullering for kvart år. Styret legg dei konkrete tiltaksplanane for profilering og for påverknad denne til grunn for arbeidet.

Framlegg til vedtak:

1. Styret sitt framlegg til Handlingsplan 2020-2022 vert vedteken slik han ligg føre etter drøftinga i Årsmøtet.
2. Framlegg til Langtidsbudsjett vert 2020-2022 vert vedteken slik det ligg føre etter drøftinga i Årsmøtet.

Årsmøtesak 07/19 Val

- a) Val av styremedlemmer for 2 år 2019/2021
- b) Val av leiar og nestleiar.
- c) Val av valnemnd

a) Val av styremedlemmer for 2 år 2019-2021.

Etter vedtektene skal det vera eit styre på 8 medleamar. Dei 3 fylkesoppnemnde sit 4 år i tråd med Fylkestinget sin valperiode. Årsmøtevalde sit for 2 år om gongen med utskifting av 3 og 2 medlemmer annakvart år.

Styret i 2018:

Gerd Helen Bø, Suldal kommune	- leiar	
Sigbjørn Hauge, Voss kommune	- nestleiar	På val i 2019
Morten Midlang, Vik kommune		
Irene Heng Lauvsnes, Strand kommune		På val i 2019
Roald Aga Haug, Odda kommune		På val i 2019

Varamedlemmer i rekkefølge:

1. Edmund Utne, Hotel Ullensvang
2. Solfrid Borge, Ullensvang herad
3. Harald Offerdal, Balestrand kommune

Fylkesoppnemnde 2015-2019:

Arne Bergsvåg Rogaland fylkesk.	varamedlem:	Svanhild Løge Skålheim
Marthe Hammer Hordaland fylkesk.	varamedlem:	Gard Folkvord
Arnstein Menes S&F fylkesk.	varamedlem:	Harald Bjarte Reite

Valnemnd 2019 : Marta Finden Halset (leiar), Hans Erik Ringkjøb, Torkel Myklebust.

Framlegg frå valnemnda på møtet.

Val:

b) Val av leiar og nestleiar 2019/2020:

Desse skal veljast kvart år

Framlegg frå valnemnda på møtet.

c) Val av Valnemnd.

Det er vanleg med utskifting av eitt medlem kvart år for å få både kontinuitet og nye vurderingar. Valnemnda vald i 2019 er:

Framlegg frå styret på møtet.

Årsmøtesak 07/19 Innkomne saker

Vedtektene seier: Årsmøtet skal handsama «Andre saker som er innsende av medlemmer innan 4 veker før årsmøtet og handsama av styret».

Melding til medlemmene om saker dei ønskjer å ta opp på Årsmøte vart sendt saman med innkalling til Årsmøtet.

Jostein Eitrheim
Referent